



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsutvalet
Møtestad: "Voldsfjorden" i 1. etg., Rådhuset
Dato: 09.05.2017
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 35/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 37/17	1519 gbr 10/6 - klagehandsaming - søknad om deling av tomt for bustad - Bjørn Sindre Ytrestøyl
PS 38/17	Nye vegnamn i Håmyra
PS 39/17	Skiltplan ved Martavegen - Askevegen - Volda kommune
PS 40/17	Skiltplan Kleppevegen, frå Engesetgeila og oppover mot Klepp
PS 41/17	Skiltplan ved Volda fergekai og gangveg langs sjøen

PS 35/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 36/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak nr.: 2016/1198

Arkivkode: 10/ 6

Utvalsaksnr Utval
37/17 Forvaltningsutvalet

Møtedato
09.05.2017

1519 GBR 10/6 - KLAGEHANDSAMING - SØKNAD OM DELING AV TOMT FOR BUSTAD - BJØRN SINDRE YTRESTØYL

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til klage dagsett 23.03.2017, frå Grete Ytrestøyl Amundø, der det vert klaga på Forvaltningsutvalet sitt vedtak PS 19/17, som gjeld deling av bustadtomt frå gnr 10 bnr 6 på 1.082 m².

Forvaltningsutvalet vurderer ut frå forvaltningslova at klagaren har rettsleg klageinteresse. Grunngevinga for å tilkjenne rettsleg klageinteresse er at tilkomsten til deira skogteig vert endra.

Forvaltningsutvalet finn ikkje at klaga innhald nye opplysningar som ikkje var kjende då vedtaket om deling vart fatta.

Forvaltningsutvalet opprettheld difor sitt vedtak om deling av 23.03.2017.

ePhorte saksnummer i Volda kommune: 2016/1198
1519 gnr/bnr 10/6 – tilråding til vedtak etter jordlova.

Vedleggsliste:

1. Klageskriv m/vedlegg frå Grete Ytrestøyl Amundø, dagsett 23.03.2017

Samandrag av saka:

Grete Ytrestøyl Amundø klagar på vedtak sak ps 19/17 forvaltningsutvalet den 14.03.2017.

Saksopplysningar/fakta:

Grete Ytrestøyl Amundø klagar på vedtak sak ps 19/17 forvaltningsutvalet den 14.03.2017.

Klaga omhandlar tap av vegrett ved frådeling av bustadtomt gbr 10/6 på Ytrestøyl.

Klaga er grunngjeve slik:

«Vedtaket viser ikkje korleis vi skal få tilkomst til skogteigen vår. Den vegretten vi har må flyttast ved utbygginga. Den må også innteiknast på kart, og vegen må byggast før den eksisterande vert fjerna. Sjå vedlegg.»

I vedlegget har ein med følgjande tekst:

«Det er vanskeleg for oss å forhalde oss til ein veg som ikkje er innteikna. Vi veit difor ikkje om dette vert brukbart. Vegen må vere slik at vi har tilkomst med ein mindre traktor for å drage ut tømmer og for å vedlikehalde skogen. Den eksisterande vegen har fungert godt til dette føremålet. Det er og viktig å understreke at dette er vår einaste tilkomst til skogteigen og må vere open for oss heile tida. Vi går ut frå at tilkomsten til kommunevegen vert laga slik at vi klarer å få med oss tømmer når vi svingar mot oss, austover. Når planen for vegen er klar ventar vi å få sjå den med rett til å uttale oss.»

Forvaltningsutvalet gjorde den 14.03.2017 slikt vedtak i PS 19/17:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 24.08.2016, frå Bjørn Sindre Ytrestøyl. Det vert søkt om deling av bustadtomt på 1.082 m² frå gnr 10 bnr 6.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling slik det er søkt om.


Grunngjevinga er at delinga vert vurdert å ikkje svekkje ressursane til eigedomen vesentleg og ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen.

Delinga endrar ikkje dei rettar og plikter som ligg til bnr 6 og bnr 9, om turvande tilkomst over bnr 6 for å kome til skogteig på bnr 9.

Føremålet med søknaden var å dele frå ei bustadhuset med tomt på om lag 1,1daa.

Arealet ein søkte på ligg i det sørlege hjørnet av teigen på nordsida av vegen. Hus nr. 2 og eit par buder står på tomta. Tomta vil grense mot bnr 4 i vest og Ytrestøylvegen i sør.

I kartbasen AR5 er arealet markert som tunareal (jorddekt fastmark).



Ved handsaming av søknaden låg det føre merknad frå eigar av bnr 9: «... Vi vil gjere merksam på at einaste tilkomst til gnr 10 bnr 9 har til skogteigen ovanfor husa, går gjennom denne tomta. Det vil vere nødvendig med tilkomst til denne skogteigen, for å ha muligheit for å hente ut tømmer i framtida. ...».

Fylkesmannen har i si fråsegn teke med: «Det ligg føre ein nabomerknad om at tiltaket hindrar tilkomst til skogen ovanfor. Kommunen må sikre at utbygging i området ikkje hindrar framtidig skogsdrift ved å sperre for tilkomst til skogen».

25.januar hadde ein møte med søkjar om merknadane frå grannen og fylkesmannen om tilkomst til skog på bnr 9.

Ein må her vurdere om 1) søkjaren har klagerett, og 2) vidare eventuelt handsame klaga.

Vurdering og konklusjon:


Jmf forvaltningslova § 28 kan eit enkeltvedtak påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse. Den som søkjer om samtykke til deling er part i saka. Normalt vil det vere eigaren. I delingssaker er og den som skal ta over parsellen eller den som skal ha bruksrett part.

Klagerett vil og andre med rettsleg klageinteresse ha. Det er ikkje noko krav om at vedtaket må ha rettslege konsekvensar for klagaren. Det er nok at klagaren sine interesser er av ein slik art og styrke at det er rimeleg at han får vedtaket overprøvd av eit overordna organ. Ein granne som t.d. hevder at frådelinga vil gi direkte eller konkret pårekelege ulemper av ei viss tyngde og eit visst omfang for utøving av landbruksverksemda hans, kan ha rettsleg klageinteresse.

Vurderingar:

Tema:	Vurdering:
Frist for klage:	Vedtaket vart sendt ut 15.mars. Klaga vart motteke 27.mars, det vil seie innanfor fristen på 3 veker.
Part:	Klagaren kan ikkje seiast å vere part i saka jmf forvaltningslova.
Rettsleg klageinteresse:	Klagaren syner til vegrett. Det vert hevda ulemper for utøving av skogsdrifta på bnr 9, sidan delinga vil medføre at noverande vegline vert broten. Ut frå det som vert lagt til grunn for å ha rettsleg klageinteresse vel ein å tilkjenne klagaren dette. Ut frå det som vert framlagt kan delinga ha ulempe av ei viss tyngde.
Påverknad for drifta av landbrukseigedomen:	Klagaren syner til vegrett. Denne er ikkje dokumentert, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ein slik rett er til stades ut frå tidlegare eigedoms-struktur. Pr. i dag har ikkje bruket anna tilkomst til skogen i tunteigen enn via vegen det vert synt til. Søkjaren syner til at ein vil gi tilkomst når det er naudsynt, og dette er teke med i vedtaket, utan at det er synt til ei konkret vegline.
Vegen (noverande):	Vegen gamal og standarden er deretter. Ovanfor arealet som vert søkt delt går vegen i ei smal geil som berre har plass for mindre utstyr. I tunet går vegliga mellom husa/gjennom hagen.
Vegløysing etter deling:	Søkjaren føreslår ei ny vegline der ein bryt av mot aust og går bak og rundt den doble garasja til bnr 6, og kjem ned på kommunevegen her.

Fotoillustrasjon som syner gamal og ny vegline.



Fylkesmannen skreiv at kommunen måtte sikre at utbygging i området ikkje hindrar framtidig skogsdrift ved å sperre for tilkomst til skogen. Søkjar sa seg i møte villig til å gi turvande

tilkomst til skogen når det er naudsynt. Konklusjonen etter møtet var; «.. rett til tilkomst for naboen fram til eigen skog er tilstrekkeleg ivareteke sjølv om det vert oppretta ny bustadeigedom som omsøkt.»

Ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på gjer at ein tilkjenner klagaren rettsleg klageinteresse då ein for tida ikkje har anna tilgjenge til nemnde skogteig.

Når det gjeld sjølve klaga så kan ein ikkje sjå at den endrar tidlegare tilråding og vedtak. Ein var i handsaminga kjend med problemstillinga, og i vedtaket tok ein med at eit positivt vedtak ikkje endra dei rettar og plikter som låg til bnr 6 og bnr 9, om turvande tilkomst over bnr 6 for å kome til skogteigen på bnr 9.

Ein kan ikkje sjå at ein får ei dårlegare løysing enn noverande. Ein tilrår difor at ein ikkje kjem klaga i møte.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:



Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/1198	Avd. Utv
Løpnr.	Sns Perhel
27 MAR 2017	
Ansvarlig	BYGG
Kategori	10/6
Klassifisering	

Enkeltvedtak - klage

Informasjon om klageordninga

Enkeltvedtak er vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Dei fleste søknader blir som regel avgjorde med eit enkeltvedtak.

Hovudregelen er at alle enkeltvedtak skal ha ei grunngjeving. Dette er særleg viktig i klagesaker. Grunngjevinga viser til dei reglane vedtaket byggjer på.

Enkeltvedtak kan klagast på av personar vedtaket gjeld for. I vedtaket vil det vere opplyst om kvar klaga skal sendast.

Opplysningar om klagaren

Eiternamn Amundø	Fornamn Grete Ybrestøyl	Fodselsdato 24.07.60
Adresse Ybrestøylen 73	Postnr. 6105	Poststad Volda
E-post:adresse gryamund@gmail.com	Telefonnr. 90207453	

Klaga gjeld

Vedtak fatta i Forvaltningsutvalet i Volda	
Fristen for å klage er: 4 veker når vedtaket gjeld helse- og omsorgstenester 3 veker når vedtaket gjeld andre typer tenester Klagefristen gjeld frå den dagen du mottok vedtaket.	
Dato for vedtak 14.3.17	Vedtaket er motteke dato 15.03.17
Saksnr./Journaln. Arkivnr. 2016/1198	Løpnr. 3583/2017
Klaga Tap av veggrett ved fradeling av küstadtomt GBR 10/6 på Ybrestøyl	

Grunngjeving for klaga

Vedtaket viser ildege kortreis vi skal få tilkomst til stogsteigen vår. Den veggretten vi har må flyttest ved utbygginga. Den må også einleiknast på kart, og vegen må byggast før den eksisterande vert fjerna.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Ta da kontakt med forvaltingsorganet som har gjort vedtaket.

Sjå vedlegg.

Vedlegg

Her oppgir du ev. vedlegg som styrker klaga.

Type vedlegg dokument	Last opp vedlegg	Ettersend per post
Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersend per post
Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersend per post
Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersend per post
Type vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersend per post

Underskrift	
Sted og dato 23/3-17	Underskrift Grete Yrrestøl Amundø

Kopi til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Utfyllande grunngjeving for klage på enkeltvedtak i Volda kommune

Det er vanskeleg for oss forhalde oss til ein veg som ikkje er innteikna.

Vi veit difor ikkje om dette vert brukbart. Vegen må vere slik at vi har tilkomst med ein mindre traktor for å drage ut tømmer og for å vedlikehalde skogen. Den eksisterande vegen har fungert godt til dette føremålet.

Det er og viktig å understreke at dette er vår einaste tilkomst til skogteigen og må vere open for oss heile tida.

Vi går ut frå at tilkomsten til kommunevegen vert laga slik at vi klarer å få med oss tømmer når vi svingar mot oss, austover.

Når planen for vegen er klar ventar vi å få sjå den med rett til å uttale oss.

Ytrestøylen 23.03.2017

Grete Ytrestøyl Amundø

Grete Ytrestøyl Amundø



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Torgeir Stensø	Arkivsak nr.:	2015/1182
		Arkivkode:	L32

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/17	Forvaltningsutvalet	09.05.2017

NYE VEGNAMN I HÅMYRA – VEDTAK OM OFFENTLEG ETTERSYN

Administrasjonen si tilråding:

- Forvaltningsutvalet vedtek å legge følgjande namn på vegparsellar i området Håmyra ut til offentlig ettersyn:*
 - Håmyra***
 - Håmyrheida***
- Namnet **Engesetgeila** skal nyttast på den regulerte sambindingsvegen i området.*

Vedleggsliste:


Brev til Engeset/Klepp grendautval datert 20.05.2015
E-post frå Nils Ola Skuset og Anne-Mari Falkevik, motteke 22.05.2015
E-post frå Lisbeth Mehl Romestrand motteke 21.05.2015
E-post frå Sigbjørn Hessen motteke 24.05.2015
Brev frå Stadnamntenesta på Vestlandet, datert 31.03.2017

Uprenta saksvedlegg:

Forskrift for namnsetting, adressering og adresseforvaltning i Volda kommune. Vedteken i k-sak PS 48/10 den 29.04.2010.

Saksopplysningar:

Kommunen er vedtaksorgan for skrivemåten av namn på vegar, gater, kommunale anlegg, bustadfelt osv og namnemyndet i kommunen er forvaltningsutvalet. I samband med utbygginga av bustadfeltet i området Håmyra skal det vedtakast namn på to vegar vist på kartet nedom:



På den regulerte sambindingsvegen mellom Raudemyrvegen og Engesetgeila bør ein nytte namnet på ein av dei to vegane som vert knytt i hop og ein finn det mest naturleg at dette vert namnet *Engesetgeila*. På denne vegparsellen treng ein såleis ikkje nytt namn, men ordninga vil medføre at nokre av bustadane med avkøyrsløse frå vegen vil måtte omadresserast (få endra adressenummer).

Det er i brev frå kommunen datert 20.05.2015 til Engeset/Klepp grendautval og til nokre lokalkjende einskildpersonar bede om framlegg til namn på dei aktuelle vegane i området Håmyra og følgjande framlegg er mottekne:

Håmyra, Kristtornvegen, Håmyrheia, Kvitveisen, Fiolvegen, Solheia, Trollbakken, Trostvegen, Håmyrvegen

Etter ei vurdering av mottekne forslag er administrasjonen si tilråding å nytte namnet *Håmyra* på den regulerte vegparsell sør for sambindingsvegen og *Håmyrheida* på vegparsell nord for sambindingsvegen. Grunngevinga for dette er at namnet *Håmyra* har vore nytta om tunet/småbruket gjennom generasjonar og at det vurderast som viktig å ta vare på for ettertida som identitetsskapande faktor for nye innbyggjarar i området.

Det er bede om uttale frå Språkrådet (Stadnamntenesta på Vestlandet) for det som gjeld skrivemåte for desse namna og dei har ikkje merknader til dette, jfr brev datert 31.03.2017.

Vurdering og konklusjon:

Framlegg om å nytte namna *Håmyra* og *Håmyrheida* på vegar i øvre del av Volda sentrum kan leggest ut til offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Namnsetting av vegar og adressering av bygg utgjer viktig del av den offentlege infrastrukturen t.d. for utrykningsetatar, brann, helse, politi.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Røyslid/Heltne grendautval
Språkrådet, postboks 8107 Dep 0032 Oslo
Statens kartverk, Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss

Klageinstans:

Forvaltningsstyret

Snøydevegen

Håmyrelva

Sætrevegen

Nytt vegnamn, Håmyra nord

Lenging av Engesetgeila fram til Raudemyrvegen

Sideadressering til Engesetgeila, 15 - 25

Engesetgeila

Nytt vegnamn, Håmyra sør

Sideadressering til Engesetgeila, 16 - 26

Engesetgeila

Øvrevegen

Kapteinsvegen

Gamletunvegen

Fedengården

Rognelida

Fjellvegen

Teinene

Røyslidvegen

Smalebakken

Smalebakken

Symrevegen

Smalebakken

Lyngåsen

Bøkevegen

Røyslidvegen

Mosevegen

Solhøgda

Raudemyrvegen



Vegnamn Håmyra
11.05.2015
Målestokk 1:2300



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNOMER» «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1182	4864/2015	L32	UTV/ TS	20.05.2015

**NYE VEGNAMN KNYTT TIL HÅMYR-UTBYGGINGA OG PLANLAGT NY
SAMBINDINGSVEGEN MELLOM RAUDEMYRVEGEN OG ENGESETGEILA.**

I samband med utbygginga i Håmyra - feltet og ny sambindingsveg mellom Raudemyrvegen og Engesetgeila, treng kommunen forslag på namn på vegar. Vegane er angitt på vedlagt kart. Ein legg til grunn at sambindingsvegen (merka med raud stipla linje i kartet) ikkje skal ha eit nytt namn, men at namnet Engesetgeila eller Raudemyrvegen kan vidareførast - som ei lenging av ein av desse.

Dei vegane som skal namnsettast no er såleis dei to som i kartet er merka Håmyra nord (rosa stipla linje) og Håmyra sør (gul stipla linje).

Eg ber om forslag til namn for desse vegane. Frist 03.06.2015

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål

Med helsing

Torgeir Stensø
planleggar

Vedlegg:
1 Kart

epost: torgeir.stenso@volda.kommune.no

Dette brevet vert sendt til Engeset/Klepp grendautval samt til ein del personar som har tilknytning til området.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058755	Org. nr: 939 760 946
		Bankgiro: 3991.07.81727

Her er nokre forslag til nye gatenavn ved Håmyra:

- Håmyrheia
- Kvitveisen
- Kvitveisvegen
- Fiolvegen
- Solheia
- Trollbakken
- Trostevegen

Norges Blindeforbund

Lisbeth Mehl Romestrand

iCare ambassadør

Bedriftsavdeling Ørsta

Tlf: 70 04 55 44 / 98 41 12 21



Norges Blindeforbund
Synshemmedes organisasjon

Takk for tilliten mtp å få kome med synspunkt på vegnamn i Håmyr-området!

Vi har følgjande synspunkt:

- Namnsettinga på kommande sambindingsveg over Håmyra virkar logisk og fornuftig, slik det er skissert på kartet.
- Det same gjeld sideadresseringa på Engesetgeila.
- Gjennom denne namsettinga tek ein også ivare kjende namn og historiske røter for området.
- Om vi følgjer same prinsippet for vegen sør i Håmyra, , kan vegnamnet der rett og slett vere Håmyra, alt. Håmyrvegen.
- Men namnet på vegen Håmyra nord kan forslagsvis byggje på namnsetting i Røysli-området og austover, der naturnamna dominerer.
- Eitersom der er forekomstar av kristtorn i Håmyra og skogane rundt, kan namnet Kristtornvegen kanskje passe?!

Mvh

Nils Ola S og Anne-Mari F

Vegnamn Håmyra mm . Ditt brev 200515 med vedlegg.

Namnsetting på kartet : Det som er kalla Håmyrelva er Gjølvelva Håmyrelva er det vesle bekken som renn frå Hæmyra ut i Gjølvelva.

Gjølvelva er rett namn frå osskarmyrane til ein stad forbi Lærarskulen. Der får den namnet Smalebruelva. Olav J Lothe hadde eit stykke om dette i Møre for meir enn ti år sidan.

Ser og det er eit namn: «snøydevegen». Det er ingen veg , men ei rås. Og det eg har forstått var at Engesetkarane kalla det «Snauderåsa «

Den vegen som skal gå frå hovudvegen mot Urebakkane , må få namnet Urebakken eller Urebakkvegen . Olav J Lothe har og meint det med det vegskiltet han har sett opp på anleggsvegen utover Urebakkanane til gapahuken lenger vest.

Den vegen som svingar av mot sør må få namnet Håmyrvegen eller berre Håmyra. Håmyra er eit gamalt gardsnamn som må takast vare på og som med eit gatenamn vil vere med på å stadfeste kvar den garden låg.

Namn på hovudvegen vest for Gjølvelva har eg ikkje noko godt forslag på. Urebakkfoten er eit nymotens namn som etter det eg veit ikkje har tradisjon på Engeset, men som er skapt av planleggarar. Det er for så vidt eit fornuftig namn, som fortel at me er i foten av Urebakkane . Men eg er uviss på om det finns betre namn og vil ta kontakt med den eldste på Engeset no for å høyre om han har eit godt forslag.

MVH

Sigbjørn Hessen, Øvrevegen 17, 6102 Volda
+47 47866855 eller +47 70076185

Volda kommune

Ref.:

Vår ref.:
14/43-.. 363Dato:
31. mars 2017**Eit par adressenamnsaker i Volda kommune. Tilråde skrivemåtar.**

Me syner til eit e-brev som Torgeir Stensø i Volda kommune skreiv til Stadnamntenesta 17. januar i år.

Håmyrheida eller *Håmyrheia*

Me tilrår at ein her nyttar skrivemåten *Håmyrheida*. Jamfør til dømes med dei tidlegare fastsette skrivemåtane *Måsheidane* og *Heidane*. (Dei to namna er knytte til fjellområda på vestsida av Osdalen i Volda kommune.)


I staden for *Kristornvegen* bør ein skrive *Kristtornvegen*. (Jf. med § 4 i stadnamnlova.)

Me har ingen merknader til den føreslegne namneforma *Håmyra*.


Me minner om at kommunen er plikta til å gi Kartverket orientering om fastsette adressenamnformer. (Det aktuelle rapporteringsskjemaet for adressenamnsaker finst

på nettadressa <http://www.kartverket.no/Eiendom-og-areal/Matrikkelen/Adresser/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/> .)


Med helsing frå



Gunnstein Akselberg
stadnamnkonsulent



Ole Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent



Kjell Erik Steinbru
rådgjevar og sekretær

Kopi til Kartverket Molde

14/43-4 Volda kommune - adressering - Håmyra, Kristornvegen, Håmyrhei(d)a - ber om tilråding

Emne **14/43-4 Volda kommune - adressering - Håmyra, Kristornvegen, Håmyrhei(d)a - ber om tilråding**

Frå Kjell Erik Steinbru <kjell.erik.steinbru@sprakradet.no>

Til <kjell.steinbru@uib.no>

Dato 2017-02-03 14:47

Fra: Torgeir Stensø
<Torgeir.Stenso@volda.kommune.no>

Sendt: 17. januar 2017 10:52

Til: Post Språkrådet

Emne: Nye namn på vegar i området Håmyra, Volda sentrum

Hei

Volda kommune skal fastetje namn på to vegar i eit nytt byggefelt ved området Håmyra, like ved Volda sentrum. Namn som er aktuelle på desse er: Håmyra (gul), Kristornvegen, Håmyrheia, eller Håmyrheida (rosa).

Vi ber om ein uttale på skrivemåte før namnevedtak vert gjort.
[cid:image006.jpg@01D270AF.B81F9170]

[cid:image007.png@01D270AF.B81F9170]

Torgeir Stensø

Planleggar

Utvikling

Direkte 70058755

www.volda.kommune.no<<http://www.volda.kommune.no/>>



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/656

Arkivkode: Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/17	Forvaltningsutvalet	09.05.2017

SKILTPLAN VED MARTAVEGEN - ASKEVEGEN - VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

1. Skiltplanen for tidlegare anleggsveg mellom Martavegen og Askevegen vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.

Vedleggsliste:

Kart med innteikna plassering av skilt og bom.

Saksopplysningar/fakta:

Denne vegstubben vart i si tid etablert som anleggsveg under byggearbeida kring Askevegen. I ettertid har det kome inn klager frå bustadeigarar i Martavegen om at vegen no vert nytta som køyreveg. Dei hevdar at vegen skulle fungere som anleggsveg i anleggsperioden, for seinare å verte gang/sykkelveg. Dette er i tråd med oppfatninga i kommunalteknisk avdeling. Kommunalteknisk har vore i kontakt med VØR i saka og dei stadfestar at dei ikkje treng, eller har nytte av vegen.

I tråd med liknande vegar i kommunen vert det tilrådd å stenge vegen med bom, samt skilte med «gang og sykkelveg» i kvar ende av vegen (sjå vedlagde kart med forklaring). Det kan leggest til at denne vegen ikkje er innteikna på offentlege kart og det er difor lagt ved «kladd» med kart henta frå reguleringsplanar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Skiltplanen har ikkje store helse og miljømessige konsekvensar, men vil vere eit positivt trafikktryggingstiltak.

Økonomiske konsekvensar:

Dette er kommunal eigedom og Volda kommune vil måtte dekkje kostnader med bom og skilt gjennom driftsmidlar for kommunale vegar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Tiltaket vert vurdert å ikkje ha negative beredskapsmessige konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:

Skiltplanen for tidlegare anleggsveg mellom Martavegen og Askevegen vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.

teknisk sjef,
Rune Totland

Utskrift av endeleg vedtak:

Statens Vegvesen v/Elisabeth Mansfield
Volda og Ørsta lensmannskontor
Kommunalteknisk avdeling, Volda kommune

Klageinstans:

Volda kommune



SKILT OG BOM MELLOM MARTAVEGEN OG ASKEVEGEN

24/4-2017

Edvin Holm



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/653

Arkivkode: Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/17	Forvaltningsutvalet	09.05.2017

SKILTPLAN KLEPPEVEGEN, FRÅ ENGESETGEILA OG OPPOVER MOT KLEPP

Administrasjonen si tilråding:

1. Skiltplanen Kleppevegen frå Engesetgeila og oppover mot Klepp, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.

Vedleggsliste:

Kart som syner plassering av skilt, samt reguleringsføresegner K10 med rekkefylgjekrav.

Uttale frå Volda og Ørsta lensmannskontor

Uttale frå Statens vegvesen

Saksopplysningar/fakta:

I reguleringsføresegnene for «Øvre Klepp – K10» punkt 7 – Rekkefylgjekrav, går det fram at det skal vere skilt med sone 30km/t frå Krysset bjørkevegen/Kleppevegen og oppover.

Kravet var at denne skiltinga skulle vere gjennomført, før utbygging av bustader i K10 vart starta. Det er ikkje gang/sykkelveg langs Kleppevegen eller vegane lenger oppe.

Kommunalteknisk vurderer det slik, at grunna trafikktryggleik er det betre å flytte denne reduksjonen av fartsgrense lenger ned enn opphaveleg var tenkt. Dette fyrst og fremst for å trygge gåande og syklande langs vegen. Vegen har relativt sterk stigning/fall og det er observert høg hastigheit ved mange høve frå bilistar på strekninga. Skiltinga vil sjølvsagt og legge til rette for at politiet kan utøve kontroll og reagere på uløyves køyring.

Helse og miljøkonsekvensar:

Skiltplanen er vurdert å ha positiv verknad for gåande og syklande og auke trafikktryggleiken for svake trafikantar. Det er ikkje gang/sykkelveg langs Kleppevegen eller vegane lenger oppe. Vegen er nytta som skuleveg for mange born og reduksjon i fart vil her vere eit viktig tryggingstiltak.

Økonomiske konsekvensar:

Vegen er kommunal eigedom og Volda kommune vil måtte dekkje dette sjølv på drift av kommunale vegar. Saka er vurdert som eit trafikktryggingstiltak.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen negative konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:


Skiltplanen Kleppevegen frå Engesetgeila og oppover mot Klepp, vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.

teknisk sjef,
Rune Totland

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda og Ørsta lensmannskontor
Kommunalteknisk avdeling, Volda kommune

Klageinstans:





Volda kommune **REGULERINGSFØRESEGNER**
Reguleringsplan for "Øvre Klepp – K10"

REGULERINGSFØRESEGNER

Tilknytt reguleringsplan for "Øvre Klepp – K10"

Reguleringsplan –eigengodkjent i K -sak 3/14, den 30.01.2014.

Volda den 10.02.2014



For adm.sjefen Per Heltne, planleggar

Føresegnene gjeld i tillegg til reguleringskart for "Øvre Klepp – K10", datert januar 2014

1: Planavgrensing:

Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.

2: Arealbruk:

Området er regulert til følgjande føremål:

Bebyggelse og anlegg:

Bustader - Frittliggande småhus Merka B

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur:

Offentlege køyvegar (gater)	Merka o_V
Anna vegformål	Merka o_AV
Anna vegformål –grøntareal	Merka o_SVG
Felles privat veg	Merka f_V
Parkering	Merka o_SPP
Energinett...	Merka p_SE
Grøntstruktur:	Merka o_G
Hensynssone :	Frisiktsone i vegkryss

3: Område for frittstående bustader (Merka B)

- a: Områda skal nyttast til einestader med tilhøyrande anlegg. Bustadane kan ha innreidd eige husvære i sokkeletg. (eventuelt inntil 3 hyblar.)
- b: Bygningane skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist i plankartet.
- c: Bygningane skal ikkje ha større høgde enn det dei generelle vilkåra i PBL tillet.
- d: Bygningane på tomte skal ikkje ha større samla grunnflate enn 30% av netto tomteareal. (inkludert garasje og biloppstilling, jf teknisk forskrift).
- e: Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal ein sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve til terrenget og i høve til eksisterande bebyggelse.
- f: Ved byggemelding/deling skal det ligge føre situasjonsplan og terrengsnitt som viser byggplassering og tilkomst og som klargjer stigningstilhøva for denne, samt garasjeplassering og naudsynt tal biloppstillingsplassar. Situasjonsplan skal vise forslag til sokkelhøgde-, eksisterande terrengsituasjon og forslag til endra terreng etter utbygging.
- g: For kvar familiebusstad skal det vere 2 biloppstillingsplassar på tomte. For kvar ekstra husvære skal det i tillegg vere 1 biloppstillingsplass, og for kvar hybel ½ biloppstillingsplass. Biloppstillingsplassar skal kunne brukast uavhengig av kvarandre, også om dei vert bygt som garasje eller carport.
- h: Der terrengtilhøva gjer det naudsynt, kan garasje plasserast nærare vegen enn det byggegrensene syner. Garasje skal likevel ha følgjande minsteavstand til veg -eller fortaukant:
- minsteavstand 2,5 m der garasjen har utkøyning parallelt med vegen.
 - minsteavstand 5 m der utkøyning ligg vinkelrett på vegen.
- Garasje med areal mindre enn 50 m² kan plasserast inntil 0.5 m frå nabogrense i samsvar med teknisk forskrift.



- i: Garasje skal som hovudregel vere i 1 etg. og skal ikkje ha grunnflate over 50 m². Garasjar skal tilpassast bustadhuset i form, materialbruk og farge. Garasjar kan oppførast med loftsrom eller underetg. til lager/reiskapsrom der det ligg til rette terrengmessig og ut frå omsyn til god byggeskikk og estetikk, tilpassing til bustadhus, og omsyn til utsikt-, lys-og luft for naboeigedomar. Slike rom kan ikkje godkjennast oppført/brukt til rom for varig opphald og skal ha maksimal romhøgde /volum som ikkje gir rom for dette. jf teknisk forskrift.
- j: Avkøyrsløse til offentleg veg skal ha frisikt-, stigningstilhøve og horisontalkurvatur i samsvar med gjeldande normer for avkøyrsløse til kommunal veg.

4. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur:

4.1 Områda skal slik vist i plankart kunne nyttast til:

Offentlege køyrevegar (gater)	Merka o_V
Anna vegformål	Merka o_AV
Anna vegformål –grøntareal	Merka o_SVG
Felles privat veg	Merka f_V
Parkering	Merka o_SPP
Energinett...	Merka p_SE

- 4.2 Trafikkområda skal nyttast til køyrevegar, parkeringsplassar, gangvegar/fortau og anna trafikkareal. Plassering av vegar, vegbreidde og kurvatur framgår av plankartet. Vegskråningar som går utanfor regulert vegføremål langs bustadgater og gangvegar skal inngå i tomtearealet, og skal planerast og tilsåast og avsluttast slik at det kan vedlikehaldast som del av veganlegget eller naturleg del av tilstøytande tomteareal. Avsette areal til trafikkformål utanfor veg skal nyttast til m.a. snøopplag og grøft/drenering. Det er ikkje høve til å nytte områda for langtidsparkering, lagringsplass for defekte bilar, campingvogner, båtar m.v. Tomteeigar kan etter søknad føre opp mur i grense mot regulert vegområde for å redusere skråningsutslag mot bustadtomta. Ved oppføring av mur skal ein søkje å oppnå eins materialbruk og tilpassa utforming i gata si fasadelengde. Ved mur mot fortau/gate med høgde over 1.5m skal muren avtrappast med mellomliggande skråning/utflating. Ved oppføring av mur mot gate/fortau må løysing for drenering frå bustadeigedom, mur og tilgrensande vegareal visast i søknad/situasjonsplan og tilfredsstillande ivaretakast ved utbygging.

5. Grøntstruktur:

Områda er avsett som areal til leikeplassar og til ferdsselskorridor mellom tilgrensande vegar og avsett leikeareal. Det skal som del av plan for tekniske anlegg /anbodsgrunnlag i samråd med kommunen sin barnerepresentant og grendautvalet utarbeidast detaljplan/-beskrivelse for kva opparbeiding og utstyr som skal etablerast i dei aktuelle områda o_G1 og o_G2. Naturleg vegetasjon bør så langt mogeleg takast vare på. Bygningar eller anlegg som kan utgjere ein naturleg del av området sitt bruksformål til leik, kan oppførast etter godkjenning av kommunen i områda.

Område o_G1 skal opparbeidast som tillegg til eksisterande leikeareal i plan Øvre Klepp, der det er ballplass og etablert leikeapparat med sandkasse, huske-/klatrestativ, benk. Tillegget skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, med gangsti, og areal for sitteplass og noko fast dekke.



Utanfor den opparbeidde delen av leikeplassane skal eksisterande vegetasjon så langt som muleg. Leikeplassen skal ha gjerde mot veg/parkering.

Område o_G2 skal opparbeidast med gangsti med grusdekke mellom Kleppevegen og Bjørkevegen og tilgrensande bustadgate.

Område o_G3 er restareal mellom planlagde vegar . Området grensar inn mot statleg sikra friområde og må sjåast som naturområde saman med dette.

6. PBL § 12-Hensynssoner

Frisiktsoner ved vegkryss.

Innanfor frisiktlinjer skal det vere fri sikt i ei høgd av 0.5 m over plan for dei tilstøytande vegane.

7. PBL § 12-7 nr. 10. Rekkefylgjekrav

Før utbygging av bustader i planområdet skal tiltak for redusert fart i samlevegssystemet nedanfor, gjennom skilting med sone 40 km/t frå krysset Engesetgeila x Kleppevegen, vere gjennomført.

O_G1 og sti/turveg gjennom o_G2 skal opparbeidast som del av utbygging av tekniske anlegg og vere opparbeidd før bustader i området kan takast i bruk.

Før utbygging av bustadar i planområdet skal følgjande tiltak for redusert fart vere gjennomført: Skilting med sone 30 km/t frå krysset Bjørkevegen/Kleppevegen og oppover.

8. Terrengbehandling:

Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemma. Ved varige opne utgravningar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

9. Automatisk freda kulturminne

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemma automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

10. Generelt:

Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og kommunale vedtekter.

00000000000000000000000000000000



Volda kommune
Rådmannen,
Stormyra 2,
6100 Volda

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Ørsta, 12.9. 2016

SKILTPLAN – KLEPPEVEGEN, VOLDA

Eg syner til tilsendt framlegg til skiltplan for Kleppevegen.

Eg tilrår framlegget om fartsgrensesone – 30 km/t frå krysset Kleppevegen/Engesetgeila, som synt i framlegget.

Eg tilrår også at det vert etablert fartsdempande tiltak der dette er mogleg.

Kleppevegen smalnar etter kvart inn og vegbreidde bør om mogleg aukast.

Området vert meir og meir nytta til bustader. Det vert lett for få parkeringsplassar og tilkomst for brøytebilar, brannbilar og utrykkingskøyrety kan verte vanskeleggjort, særleg i periodar med mykje snø.


Guttorm Hagen, lensmann i Volda og Ørsta



Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Hei!

Viser til skiltplan dagsett 8. august 2016 frå Volda kommune om å skilte øvre del av Kleppevegen, Martavegen og Bjørkevegen med skilt nr. 366 "Fartsgrensesone" og skilt nr. 368 "Slutt på fartsgrensesone".

Sia alle vegane i planen er kommunale har kommunen sjølv skiltmynde.

Med hilsen
Elisabeth Mansfield

Seksjon: Plan- og trafikkseksjonen Møre og Romsdal
Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE
Besøksadresse: Vestre Olsvikveg 13, ÅLESUND
Mobil: +47 48286101 e-post/Lync: elisabeth.mansfield@vegvesen.no
<http://www.vegvesen.no> e-post: firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/654

Arkivkode: Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/17	Forvaltningsutvalet	09.05.2017

SKILTPLAN VED VOLDA FERGEKAI OG GANGVEG LANGS SJØEN

Administrasjonen si tilråding:

1. Skiltplanen for området kring fergekaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.
2. Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.

Vedleggsliste:

Kart med innteikna plassering, forklaring til skilt og skiltnummer.

Brev og bilete frå lensmannen knytt til saka.

Saksopplysningar/fakta:

Det har kome fleire klager frå fotgjengarar og syklende som skal reise med ferjene, eller skal gå/sykle langs gangvegen. Klagene går ut på køyring på gangveg ved ferje kaia. Vidare har etter kvart området ved den gamle drosjesentralen (no venterom) blitt fast parkering for bilar. For å kome seg til desse områda, må ein køyre langs gangveg, eller forbi ferjelemmen.

Lensmann har uttala seg i saka og er positiv til skilting som synt på vedlagde kart.

Skilting med gang og sykkelveg frå begge retningar, vil gjere det tydeleg kva vegen er bygd for. Det er opparbeida gode parkeringsmogelegheiter på Vikeneskaia og det er normalt god kapasitet der. Parkering forbode skilt ved venteromet, gjer det klart at det ikkje er høve til dette på det vesle arealet som er der. Begge skilta vil gjere det mogeleg for politiet å reagere på uløyves bruk av gangveg og areal.

Helse og miljøkonsekvensar:

Skiltplanen vil ikkje ha store miljø eller helsemessige konsekvensar. Men den vil trygge gåande og syklende langs sjølina fram til kai området eller ferje.

Økonomiske konsekvensar:

Då dette er høvesvis mest kommunal eigedom, vil Volda kommune måtte dekkje dette sjølv på drift av kommunale vegar. Saka er vurdert som eit trafiktryggingstiltak.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen negative konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:

Skiltplanen for området kring ferjekaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.

Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.

teknisk sjef,
Rune Totland

Utskrift av endeleg vedtak:


Statens Vegvesen v/Elisabeth Mansfield

Volda og Ørsta lensmannskontor

Norled AS

Kommunalteknisk avdeling, Volda kommune

Skiltplan ved Volda fergekai



Skilt nr 372



Skilt nr 522

Vedlagde foto er teke vestover mot venterommet ved Volda ferjekai. Eg vurderer veg forbi venterom som gangveg langs E39/sjøen. Fleire som skal til og frå ferjekai/Vikeneskaia vel å kjøre mellom venteromet og E39 i staden for å nytte avkøyrsløse nord for Vikeneset. Problemet har vore aukande i det siste.

Denne snarvegen vert nytta heile døgnet. Den siste tida har "Fjordkongen" tilbode servering i helgane. Båten ligg ved Vikeneskaia. Gjestar plar gå forbi venteromet. Politiet sine patruljerer vurderer noverande regulering som uheldig og trafikkfarleg. Vi fryktar at fotgjengarar og syklistar kan verte påkøyrde ved venteromet.

Det er fleire fotgjengarar som kryssar E39 på staden og går til og frå ferje eller Vikeneskaia.

Bruken av området ved venteromet har elles endra seg. Det er fleire år sidan det var drosjesentral i same bygg. Eg kan ikkje sjå nokon grunn til at det i dag skal vere motorferdsle ved venteromet.

Framlegg til tiltak:

Gangvegen ved venteromet bør skiltast i begge retningar med skilt nr 522 Gang- og sykkelveg. Underskilt med unntak tilrår eg ikkje. På denne måten kan politiet påtale kjøring hvis førarar likevel vel å køyre her.

Guttorm Hagen
lensmann i Volda og Ørsta

Sunnmøre politidistrikt
Volda og Ørsta lensmannskontor

Telefon: 70116108
Telefax: 70116101
E-post: guttorm.hagen@politiet.no
www.politi.no

